



LANGEVÅG BARNEHAGE

ÅRSPLAN 2022-2023

VELKOMMEN TIL LANGEVÅG BARENHAGE



Langevåg barnehage er ein kommunal barnehage som ligg idyllisk til på Molvær i Sula kommune.
Det er rikt med turmål i nærmiljøet vårt – noko vi nyttar oss av dagleg.

BARNEHAGEN HAR 6 AVDELINGAR:

avdeling
RAUD

 46 84 83 51

avdeling
GRØN

 48 21 87 38

avdeling
ORANSJE

 46 85 24 92

avdeling
GUL

 94 86 31 11

avdeling
BLÅ

 46 84 78 03

avdeling
GRÅ

 46 84 89 26

STYRAR
70 19 79 21

KONTORET
70 19 79 20



<https://www.facebook.com/Langev%C3%A5g-Barnehage-102769552315192>



<https://www.instagram.com/langevagbarnehage/?igshid=1uc0w0nmx8g2e>

Visjonen vår:

LEIK, LÆRING OG GODE VENNER!

Leiken er den viktigaste arenaen for barns læring og utvikling av eigen identitet og sjølvkjensle. Leiken har ein sentral plass i barnehagen, den er eit allmennmenneskeleg fenomen der dei fleste barn har høg kompetanse og stort engasjement. Å få delta i leiken og få venner er grunnlaget for at barna trivs og opplev barnehagen som meiningsfylt. I Langevåg barnehage er vi opptatt av at alle barna skal få utvikle leikekompetansen sin - ingen barn i vår barnehage skal vere utan venner. Alle skal få vere med og delta i leiken. Det viktige er ikkje at alle skal ha ein bestevenn - men at alle skal ha venner! Vi vaksne har ansvar for å følgje med på at alle har nokon å leike med, og støtte og hjelpe dei barna som treng det i leiken.

Læring om seg sjølv, om andre mennesker, samspel og om den fysiske verda omkring oss, er prosessar som er med på å skape mening i barnas liv. Barnehagen skal styrke barns læring i formelle og uformelle læringssituasjonar. Dei formelle situasjonane er planlagde og leia av personalet i barnehagen. Dei uformelle læringssituasjonane er nærmere knytte til kvardagsaktivitetar, og i her og no situasjonane, i leiken og i anna samhandling. Det er ikkje hensiktsmessig å trekke klart skilje mellom formelle og uformelle læringssituasjonar. Begge har ei pedagogisk hensikt.

Barna lærer gjennom alt dei opplever og erfarer, og påverkar sjølv alle rundt seg, samt omgjevnadane. Korleis vi vaksne møter barnas uttrykk gjennom språk, kropp, kjensler og sosiale relasjoner har betydning for barnets læring.



LANGEVÅG BARNEHAGE – EIT VIKINGSKIP

Vi har ein leiingsvisjon om at barnehagen skal vere ein stad med rom for alle der både personale, foreldre og barn kan få seg ei åre, ro med og bidra til å drive utviklinga til barnehagen framover. Barnehagen vil ha ute speidalar som hjelpt oss å setje kursen - dei sjekker ut ny forsking og nye impulsar og sørger for at vi er på rett veg.

Vikingskipet er lasta med omsorg, tryggleik, humor og glede.

Vi håper på mange fine dagar med vind i seila og stø kurs. Erfaringar siste åra har vist oss at det kan komme krevjande tider, der vi må ta ned seila, stå litt stille og la ting gå saktare ei stund. I periodar vil nokre måtte ro litt hardare enn andre, då hjelpt vi til og tar i eit tak for sidemannen. Målet er at vi alle skal ro i takt, trygt framover med same mål i sikte.



KVALITET I LANGEVÅG BARNEHAGE

Kvalitet for oss i Langevåg barnehage handlar om gode relasjoner til kvart enkelt barn, i tillegg til visjonen og verdiane våre.

Dei vaksne i Langevåg barnehage:

- Er engasjerte og varme i samspelet med barna
- Samtaler, lyttar og fortel til barna
- Bidrar til at barna er ein del av eit stressfritt miljø
- Er tydelege vaksne og set positive grenser for barna
- Er sensitive for barnas uttrykk og følgjer dette opp

I Langevåg barnehage legg vi vekt på eit godt og gjensidig samarbeid mellom barnehagen og heimen til barna
- for oss er dette grunnleggjande for god kvalitet.



FAGOMRÅDA I BARNEHAGEN

Barnehagen skal gi barn grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle områder. Barnehagen planlegg utifrå dei 7 fagområda i Rammeplanen. Desse fagområda opptrer sjeldan aleine, fleire av fagområda er representerte samtidig i eit temaopplegg og i forbindelse med kvardagssituasjonar, leik og aktivitetar.

PROGRESJONSTRAPPA

Natur, miljø
og teknologi

Ethikk, religion
og filosofi

Kunst, kultur
og kreativitet

Nærmiljø
og samfunn

Kropp, rørsle
mat og helse

Tal,
rom og form

Kommunikasjon,
språk og tekst

1 - 2 - ÅRINGANE

MÅL

Få positive opplevelser i naturen

Få forståelse og interesse for kvarandre sine ulikskapar.


Få kjennskap til og kunne uttrykkje seg gjennom musikk, sang, dans, drama og forming.

Verte kjend med og delta i samfunnet gjennom oplevelser og erfaringer i nærmiljøet.

Få ei positiv sjølvoppfatning gjennom fysisk meistring.

Leike, utforske og få erfaringar med ulike former, mønster og størrelsar inne og ute.

Barna skal lytte, observere og gi respons i gjensidig samhandling med barn og vaksne.



3 - 4 - ÅRINGANE

MÅL

Få grunnleggjande innsikt i natur, miljøvern og samspel i naturen

Utvikle toleranse og interesse for kvarandre, og respekt for kvarandre sine ulikskapar.

Utvikle si kjensle til å lytte, iaktta og uttrykkje seg gjennom kultur, kunst og estetikk.

Verte kjend med og delta i samfunnet gjennom oplevelser og erfaringar i nærmiljøet.

Vidareutvikle kroppsbeherskelse, grov- og finmotorikk, rytmek, motorisk kjensle.

Introduksjon til matematiske omgrep i daglegtalen.

Barna skal vidareutvikle begrepsforståing og bruke eit variert ordforråd.

5 - ÅRINGANE

MÅL

Få ei forståing av at alt i naturen heng saman.

Erfare at grunnleggjande spørsmål er vesentlege, undre seg i lag med vaksne.

Utvikle evne til å bearbeide og kommunisere sine uttrykk gjennom skapande verksemd.

Verte kjend med historiske endringar i lokalmiljø og samfunn.

Få kunnskap om menneskekroppen og forståing for tydinga av gode vanar og eit sunt kosthald.

Verte fortruleg med talsiffer og talrekkefølgje.

Barna skal utvikle eit modent ordforråd og bruke det i kommunikasjon med andre i ulike situasjoner.



SATSINGSMRÅDE



BARNEHAGEÅRET 2022-2023 HAR VI VALT Å HA FOKUS PÅ SPRÅK!

Språk er grunnleggande for relasjonane oss menneske imellom, og det hjelper oss i å oppleve mening i tilværelsen gjennom læringa vi får i samspel med kvarandre. Det er blant anna gjennom språk vi opplever fellesskap med andre; vi deler glede, liv, lyst og humor! Språket er slik med på å beriker liva våra - ved at det både gir oss mening og livsglede!

I kvardagen i barnehagen ser vi kor viktig det er for trivsel og vennskap at barna har eit godt språk dei kan nytte i samspel med andre. Barn som strever med språket må få oppfølging og støtte til å utvikle språket sitt, og i nokon tilfelle treng barnet også bistand utanfor barnehagen.

Barnehagen har blant anna desse verktøyå som vi vil nytte i dette arbeidet:

- Språkkista - materiell til det daglege arbeidet med språkstimulering i barnehagen; bilete, spel, magnettavle, CD. Den er i første omgang tenkt brukt i språkstimulering av minoritetsspråklege barn og barn som har behov for ekstra språktrening. Alle omgrepene i Språkkista er oversett til 11 språk: engelsk, polsk, vietnamesisk, tyrkisk, russisk, arabisk, urdu, farsi (persisk), sorani (kurdisk), tamil, og somali. Denne vil vi etter kvart også få digitalt.
- Språksprell - fokus på lytting, rim og regler, stavelsesinndeling og forlydsanalyse.
- Teikn til tale - forsterkar språket og lettar språkinnlæringa for alle. Vi lærer teikn gjennom månadens teikn, og teikn i enkelte barnesongar og vi nyttar det i kvardagssituasjonar.
- Snakkepakken – eit språkverktøy med mange konkretar knytt til områda kropp, mat, klær, hus, dyr og farger og som kan nyttast på ute måtar. Dette kan nyttast både i små språkgrupper og i samlingar.

Eit av måla for dette satsingsområdet er at alle i personalet skal bli god i å observere og å følgje opp barnas språk, og bli trygg på å gjennomføre språkstimulerande aktivitetar. Ein dag kvar veke vil vi ha språkgrupper, i tillegg til at vi jamleg brukar rim og regler, teikn til tale og har fokus på grunnleggande omgrep. Å bli lest for styrker også barnas språk. I oktober/november skal vi ha lesekork, der vi inviterer heimane til også å vere med og lese for barna. I kvardagen er det viktig at dei vaksne bruker språket aktivt i alle situasjonar og beskriver det ein ser og gjer saman, snakkar om kva ein skal gjere og kva ein har gjort saman med barna.



Berekraftig utvikling

Gjennom månadens fokus (sjå kalenderdelen), i kvardagssituasjonar og på turar vil vi arbeide for å fremme verdiar, holdningar og praksis for eit berekraftig samfunn. Vi ønsker å bidra til at barna kan forstå at dagens handlingar har konsekvensar for framtida, og gjennom dette arbeidet lære barna å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.

Dette arbeidet vil skje både gjennom:

- samtalar i kvardagen ut ifrå barna sin naturlege undring over samanhengar i naturen og eksistensielle spørsmål, samt gjennom arbeidet rundt månadens miljøtips.
- temaarbeid med fokus på sosiale og emosjonell læring, og samtale og rettleiing i situasjonar som oppstår mellom barna i kvardagen. Vi har ulikt pedagogisk verktøy vi kan nytte som Steg for Steg, Grøne tankar - glade barn, Vennebökene mm. Barna skal få erfaringar med både å ta og gi omsorg og ta vare på omgjevnadane både i og utanfor barnehagen.
- turar i nærområda våre: Vi ønsker å bidra til at barna opplever tilhørsle til naturen og blir kjent med naturens mangfold gjennom gode naturopplevingar (i all slags ver, til alle årstider), samt at vi lærer å ta vare på naturen både gjennom korleis vi brukar den, lærer om den og bryr oss om den og handlar aktivitet.



Motorisk leik og læring (MoTo-leik)

Endeleg er det vår tur å få lære om og bruke MoTo - leik i kvardagen i barnehagen! Dette programmet er utarbeida her i kommunen, blant anna av fysio- og ergoterapeutar og barnehagar. Frå januar skal vi følgje eit årshjul med tilhøyrande aktiviteteskort som er innom alle dei motoriske ferdigheitene (sjå fokusområde på kvar månad). Dette er lagt opp systematisk og kvalitetssikra for å bidra til at barna blir meir modne og klar for læring ved skulestart.

Aktivitetane og fokuset er på bevegelses glede og meistring, og ikkje prestasjon (fortast, best, mest, flest) - barna beveger seg fordi det er gøy, dei trivast i aktiviteten og dei opplev å få til nye ting!

Førskulegruppa

Det er og skal vere stas å bli førskulebarn! Barna er no eldst i barnehagen, og dei som andre yngre barn ser opp til. Dette året har vi 23 førskulebarn; 6 barn frå Oransje, 9 frå Raud og 9 frå Grøn. Frå september og ut mai (unntatt desember) har førskulegruppa ein turdag og ein dag med førskuleaktivitetar og temaarbeid i veka. Det vil vere ein til to faste vaksne frå kvar avdeling som følger førskulegruppa kvar veke. Barnehagen vil med dette legge til rette for at dei eldste borna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og motivasjon for å begynne på skulen.

Vi skal øve på å skrive namnet vårt, farger og former, lage mønster, spille spill, vente på tur og rekke opp handa, høyre etter, øve konsentrasjon, klippe, lime, blyantgrep og følgje ei rekkefølge. Ved å lytte og leike med språket gjennom rim og regler, deler ord i stavingar, lytte etter forlyd så over vi inn språkleg bevisstheit. Alle desse tinga som er kjekt å kunne. Likevel vil vi bruke mest tid på å oppleve meistring og bygge sjølvbilde: eg er god nok som eg er! Og like viktig – eg veit korleis eg skal være ein god venn og ta vare på meg sjølv og dei rundt meg. Vi vil ha fokus på sosial kompetanse og sjølvregulering.

På turane skal barna ha med sekk heimanfrå; med matpakke, drikkeflaske og sitjeunderlag. Vi over på å vere sjølvstendig i å gå på do og å kle på og av, halde orden og passe på eigne ting. Vi går turar i nærmiljøet vårt og til skog, fjell og fjøre, og underveis øver vi på trafikktryggleik der det er naturleg. Motoriske ferdigheiter, kroppskontroll og koordinasjon blir styrka gjennom leik og aktivitet i naturen, samtidig som førskulebarna blir betre kjent med kvarandre og lærer, undrar og utforskar i naturen. Vi ønsker å bidra til at barna blir glade i naturen til ulike årstider.

I Sula kommune har vi ein plan for overgangen barnehage – skule; med faste treffpunkt gjennom året - eit barnehagetreff og eit skulebesøk både haust og vår. Målet er å gjere overgangen mellom barnehagekvardagen og skulekvardagen for borna i Langevåg barnehage så god og trygg som vi kan!





Slik seier vi.....



Norsk	Engelsk	Portugisisk	Litauisk	Polsk	Russisk	Svensk	Tyrkisk	Íslansk	Tigrinsk	Kurdisk
Hei!	Hi!	Oi!	Sveiki!	Czesc!	Privet!	Hej!	Selam!	Hæ!	Selam!	Merheba!
Hadet	Good bye	Adeus	Iki pasimatymo	Do widzenia	Do svidaniya	Adjö	Güle güle	Bless	Chaw	Bi xatirête
Gratulerer	Congratulations	Parabéns	Sveikinu	Gratulacje	Pozdravlyayu	Grattis	Tebrikler	Til hamingju	Enkae hagosekum	Pîroz be
Velkommen	Welcome	Receber	Sveiki	Witamy	Dobro pozhalovat'	Välkommen	Hosgeldiniz	Velkominn	Enkae dehan mexaekum	Bi wêr hatî
Korleis går det?	How are you?	Como você está	Kaip laikaisi?	Jak sie masz?	Kak pozhivayesh`?	Hur mår du?	Naslin?	Hvernig hefurdu pao?	Kemey alekum	Halê we cawa ye?



August 2022

FAGOMRÅDE

Nærmiljø og samfunn

TEIKN

Hei og hadet

REGLE

Hallo, hallo kom og set deg her

SONG

God morgen alle saman



RØRSLE

Å slappe av (kvilestund)



MILJØMÅL

Plukke opp boss/avfall ute

I august og september er det fokus på **TILVENNING** og **TILKNYTNING** i barnehagen; nokon barn er heilt nye, nokon har bytta avdeling, og nokon vener har begynt på skulen, og innimellom er det nye personale på avdelinga. Vi set av tid og har fokus på å bli kjent med kvarandre og ivareta barnas behov for tryggheit og omsorg. Ein del av dette arbeidet er å arbeide med eit nært og kjært tema: Meg sjølv og familien min.

TIPS TIL FØRESETTE I TILVENNINGSPERIODEN:

- ikkje trekk ut avskjeden
- ring eller send sms og spør kor det går
- når du bringer og hentar barnet ditt i barnehagen
- slå av mobilen eller ha den på lydlaus!
- må du slå av mobilen eller ha den på lydlaus!

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for barnet, slik at det får ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar, organisere tid og rom, slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar, knyte seg til personalet og til andre barn. Personalet skal sørge for tett og nær oppfølging i den første tida. Dette for at barnet skal føle tilhørsle og føle seg trygg, både til å leike, lære og utforske. (jamfør Rammeplan for barnehagen)

Personalet vil på ein sensitiv og roleg måte nærme seg barnet som er ny i barnehagen, mens barnet fortsett kan ha foreldra som sin trygge base. Det er viktig å ha tiltru til barnehagen og stole på at personalet vil takle dei ulike situasjonane som kan oppstå under tilvenning, med trøyst, omsorg, tryggheit, og delta/vere i nærleiken av barnet sin leik og aktivitet.

Alle barn/familiar er unike og derfor er aldri to tilvenningar like. Alt frå nokre dagar til fleire veker (mnd) er normalt for ein tilvenningsperiode.

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
	1	2	3	4	5	6	7
	8	9	10	11	12	13	14
	15	16	17	18	19	20	21
	22	23	24	25	26	27	28
	29	30	31				

PLANLEGGINGSDAG

PLANLEGGINGSDAG

September 2022

FAGOMRÅDE

Kommunikasjon,
språk og tekst

TEIKN

Spise og drikke
Stopp/vent

RØRSLE

Å slappe av
(kvilestund)

SONG

Er du veldig glad og vet det,
ja så klapp (klapp, klapp)
Er du veldig glad og vet det,
ja så klapp (klapp, klapp)
Er du veldig glad og vet det
Så la alle mennesker se det
Er du veldig glad og vet det,
ja så klapp

REGLE

Hallo, hallo kom og set deg her.
Kom å sett deg ganske nær.
Vi skal fortelje eventyr,
og syngje litt om folk og dyr,
bommelibom og timtamtu,
her sit eg og der sit du.
Samlingsstunda for dei små
byrjar nettopp nå.

MILJØMÅL

Enkel kildesortering inne
– sortere plast, papir og
matavfall, restavfall og
glass og metall



Barna opplever tryggleik gjennom struktur, og vi vil derfor innarbeide gode og faste rutinar som skapar forutsigbarhet i ein ny kvardag. Gjennom fokus på leik vil vi skape grunnlag for gode relasjonar, slik at barna etter kvart kan etablere vennskap og oppleve å vere ein del av eit fellesskap. Vi legg til rette for rolege dagar med tilgjengelege og trygge vaksne.

KVILESTUND: I rammeplanen står det: «barn skal ha moglegheit til ro, kvile og avslapping i løpet av dagen». I løpet av dagen har vi kvilestund, der dei kan få ligge å slappe av, lytte til ei historie, høre ein roleg song, eller sette seg ned med ein roleg aktivitet.

For at barna skal oppleve ein trygg og forutsigbar kvardag har vi:

- Samlingsstund kvar dag
- Rolege måltidssituasjonar med koseleg prat mellom barn-vaksen og barn-barn.
- Faste plassar i samlingsstund, garderobe og under måltid.
- Faste planer og organiserte aktivitetar, til dømes månadsplan og leikegrupper.
- Fokus på sosial kompetanse, venskap, tilhørsle, sjølvbilete, relasjonar, konfliktløysing.
- Faste rutinar for rydding; etter avslutta aktivitet ryddar ein opp med støtte frå personale.
- Trene på å vere i leik over tid, der personale tilrettelegger og støtter barna.
- Trene på enkle regler, til dømes vente på tur, rutinar ved handvask, halde orden på plassen i garderoba, sitte i ro på plassen sin i garderoba og under måltid, vente på ein vaksen før ein går ut, spørje om ein lurer på noko.
- Trene på overgangssituasjonar

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
35				1	2	3	4
36	5	6	7	8	9	10	11
37	12	13	14  FORELDREMØTE	15	16	17	18
38	19	20	21	22	23	24	25
39	26	27	28	29	30		

Okttober 2022

FAGOMRÅDE

Kommunikasjon,
språk og tekst

TEIKN


Leike og rydde

REGLE

Lille pinnsvin rund og god
ligger i sitt lune bo.
Om hun noe ser,
om hun noe hører.
Piggene ut hun kjører!

SONG

Høsten kommer,
adjø da sommer.
Takk for sol, takk for lys.
Hør no tuter vinden,
stryker deg om kinnen..
Det er høst, det er høst.



MILJØMÅL

Enkel kildesortering inne
- sortere plast, papir og matavfall,
restavfall og glass og metall

31. oktober

Halloween

- felles invitasjon
- avdelingsvis arrangement

LESEKORK-AKS JON

I oktober skal vi ha fokus på lesing i barnehagen - og vi inviterer de føresette til å bli med på ein lesekork-aksjon! Meir info kjem i månadsplan for oktober.

I barnehagen kjem vi til å lese mange bøker for barna; ein til ein, i smågrupper, i samlingar, i måltidssituasjonar og ute.

Gjennom høgtlesing heime og i barnehagen skal barna oppleve å ha det gøy, få gode leseopplevelingar, kunnskap og fellesskapskjensler som dei kan ta med seg inn i leiken og i kvardagen sin. I tillegg utviklast språket, hjerneaktiviteten aukar og dei får god øving i å halde fokus over tid.



	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
39						1	2
40	3	4	5	6	7	8	9
41	10	11	12	13	14	15	16
42	17	18	19	20	21	22	23
43	24	25	26	27	28	29	30
44	31						



Pysjfest



Halloween

HAUSTFERIE I SKOLEN

November 2022



FAGOMRÅDE

Kunst, kultur
og kreativitet

TEIKN

Venn og Hjelpe

REGLE

Hei, dideli, sa katta mi.
Ho sat og spelte på fela si
så kua skvatt og månen datt
og bikkja gøydde til langt på natt.
Frå Ørsta

MILJØMÅL

Lage julegåver av gjenbruksmaterial og/eller naturmateriale

Denne månaden startar vi opp med førebuingar til advent og jul då vi ønsker at desember skal vere ein roleg og stressfri månad. Vi skal begynne å øve på julesongar, lage julegåver og julepynt. Dette er ei fin tid der barna får uttrykke seg gjennom kunst, kultur og kreativitet. Barna får ta i bruk fantasien, tenke kreativt, kjenne på skaparglede og styrke sin kulturelle identitet.

I tillegg vil vi fortsette å ha fokus på lesing. Avdelingane vel seg ut ei bok eller eit eventyr som dei las i oktober og jobbar vidare med den; dramatisere, bruke konkretar, synge og/eller leike.

SONG

NO ER DET JULEFRED

No er det julefred
No er det julefred
Den vakre tida med mykje ro
nærmer seg veldig no

Stjernene lyser klart
Treet skal tennes snart
Julepakka og julesang
No er vi godt i gang

No vil vi takke
Og gi fra oss pakke
Oooog vi pynter med rødt
Og spiser litt søtt

Nissen vi venter på
Og julegraut skal vi få
Englene dala ned i skjul
No er det glade jul

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
44		1	2	3	4	5	6
45	7	8	9	10	11	12	13
46	14	15	16	17	18	19	20
47	21	22	23	24	25	26	27
48	28	29	30				



Desember 2022



FAGOMRÅDE

Etikk, religion og filosofi
Mengd, rom og form

TEIKN

Nisse og juletre

REGLE

Himpelmann og Pimpelmann

MILJØMÅL

GJENBRUK:
Barna på storbarn
har omvendt julekalender.

Småbarna
lager mat til fuglene
i yoghurtbeger

I desember er det mange kjekke tradisjonar som skapar tilhørsle og glede, og som gjer at barnekulturen blir vidareført. Historier, songar, advent- og julepynt gir gode minner og skapar ei god atmosfære i barnehagen. Julekrybbe, adventsstake, julepynt, juletre, jalebøker, julesongar, bilete sett preg på rommet.

I adventssamlinga på avdelingane terner vi lys, trekker kalender, formidlar juleevangeliet, øver på julesongar. Kvar fredag har vi felles adventssamling. Dei tre første er alle småbarnsavdelingane i lag og alle storbarnsavdelingane i lag. Den siste adventssamlinga er felles for alle.

STOR AVDELING skal ha omvendt adventskalender, der fokuset er å gi vekk noko som kan glede andre. Alle tek med ei leike som ikkje vert brukt og eit klesplagg som er for lite. Vi pakker den inn i barnehagen. Gåva vert levert til "hjelpesendingane til Ukraina" - sjå gjerne sida deira på Facebook.

SMÅBARNSAVDELINGANE skal lage sansekalender som skal innehalde 24 varierte ting vi kan smake-, lukte-, høyre-, sjå og ta på. Dei yngste barna erfarer og lærer gjennom sansane sine. Det gir også moglegheit for fine og gode fellesskapskjensler og opplevingar for barnegruppa.

- Julevandring for førskulegruppa
- Nissefest
- Lucia
- Julegudsteneste



SONG

Et barn er født i Betlehem, i Betlehem,
nå gleder seg Jerusalem.
Halleluja, halleluja!



2. desember

Barnas julelunsj

- avdelingsvis



7. desember

Nissefest

gul



13. desember

Luciafeiring

- førskulegruppa

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
48				1  Barnas julelunsj	2	3	4 
49	5	6  Nisselfest	7	8	9	10	11 
50	12  Luciafeiring	13	14	15	16	17	18 
51	19	20	21	22	23	24  Julaftan	25 1. juledag
52	26 2. juledag	27	28	29	30	31  Nyttårsaftan	

Januar 2023



FAGOMRÅDE

Kommunikasjon,
språk og tekst

TEIKN

Snø og kaldt/fryse

MOTO

Grunnleggande aktivitet

MILJØMÅL

Vi rydder vekk jula
så den er klar til
gjenbruk neste år.

Vi lager vårt eige
kostyme til karnevalet



REGLE

Det var reven og rotta og grisen,
som tok seg en tur utpå isen,
så kom der en gammel mann,
men stav i hand
og jaga dei på land.

Det var reven og rotta og grisen - sann

SONG

Se nå snør det, ja det gjør det
Tett i tett i tett.
Sno i munn og nese,
snø i hele fjeset
Se nå snør det, ja det gjør det
Tett i tett i tett

Gjennom Januar månaden har vi ei språkleg fokus der vi blant anna kan dele opplevingar og erfaringar frå jula som har vore. Å snakke, dele opplevingar og sette ord på det vi har gjort, styrker språkutviklinga til barna og bidreg til ei begynnande forståing for dei aller minste.

Vi ryddar også vekk jula og legg til rette for nye gode leikemiljø på avdelingane denne månaden. Gode leikemiljø oppmuntrar og stimulerer barna til å leike, og i vår barnehage har vi fokus på dette.

Arbeid med karnevalskostyme startar vi så smått med i januar. Avdelingane tek utgangspunkt i ei bok eller eit eventyr som omhandlar dyr, som ein jobbar med framover. Ut frå boka eller eventyret får barna sjølv velje kva for eit dyr dei vil vere på karneval, og som dei skal få lage kostyme til. Vi ønskjer å ha god tid til førebuing, planlegging og arbeid med kostyma sidan barna skal få lage dei sjølve. Vi har fokus på gjenbruk og nyttar utstyr og klede vi allereie har i dette arbeidet.

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
52							1 Nyttårsdag
1	2	3	4	5	6	7	8
2	9	10	11	12	13	14	15
3	16	17	18	19	20	21	22
4	23	24	25	26	27	28	29
5	30	31					

Februar 2022

Februar er månaden for kjekke fellesarrangement som styrkar samhaldet mellom avdelingane. Før arrangementa brukar vi ei vekes tid på førebuingar i lag.

På nasjonaldagen til samane vert barna introdusert for samisk kultur, barna får eit innblikk i samanes levemønster der det er nødvendig å klare seg med det naturen gir dei.

Når sola kjem tilbake til barnehagen feirar vi dette med vår årlege og tradisjonelle «Solfest». Siste del av februar fortsett vi med karnevalsførebuingane; lage pynt, kostyme og leikemiljø.



FAGOMRÅDE

Kunst, kultur og kreativitet

TEIKN

Kle på/kle av



MILJØMÅL

Vi lager vårt eige kostyme

Vi lærer om Samane sin kultur (jakt, fiske og klær)
«duodji»

REGLE

Snøkrystaller!
Snø som faller!
Snø på trærne!
Snø på knærne!
Snø på bakken!

AU!

En snøball midt i nakken!

MOTO

Finmotorikk

SONG

Sola er god,
Sola er toppen.
Sola som skinner og
bruner på kroppen.

Sola som skinner
hver morgen for meg.
Sola i Lang'våg
er best syntes jeg.



	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
5			1	2	3	4	5
6	6  Samenes dag	7	8	9 	10 Solfest	11	12
7	13	14	15	16	17	18	19
8	20 VINTERFERIE I	21	22	23	24	25	26
9	27	28					

Mars 2022

FAGOMRÅDE

Etikk, religion og filosofi
Kommunikasjon, språk og tekst

TEIKN

Glad
Lei seg

REGLE

Gutten klatter opp i treet,
Høgt så ingen andre ser det.
I frå grein til grein han går,
fuglens rede han nesten når.
Men så knaker det,
og så braker det,
og så pladaask,
så faller han ned!

SONG

Haren ut i gresset
satt ogsov
Er du syk du lille mann,
så du ikke hoppe kan?
Hare hopp,
hare hopp,
hare hopp!

MOTO

Kinetisk sans og
auge-hand trening

MILJØMÅL

Gjenbruksmateriell
til påskepynt



3. mars

KARNEVAL

Temaet for karnevalet er «**Dyr**», der barna har valt kva dyr dei vil vere utifrå eit eventyr eller bok avdelinga har hatt. Dette blir avslutninga og høgdepunktet på dette temaarbeidet!



I veke 10

BEREDSKAPSVEKE

fokus på nødetatane: Brann, politi og ambulanse.
Denne veka er det også foreldremøte med same tema.



I mars månad førebur vi oss til påska som høgtid, den kristne kulturarva.

Vi starta opp med påskesamlingar med formidling av påskebodskapen og andre påskeforteljingar, påskeaktivitetar, som å lage påskepynt, så karse, påskevandring for førskulegruppa og påskeeggjakt i barnehagen. Før påske invitera kvar avdeling føresette til påskefrukost i barnehagen.



15.mars

BARNEHAGEDAGEN

Vi skal markere

Informasjon vil kome når dagen nærmar seg.
(Flagge, temasamling, besøke ein anna barnehage?).

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
9			1	2	3	4	5
10	6  BEREDSKAPSVEKE →	7	8	9	10	11	12
11	13	14	15  Barnehagedagen	16	17	18	19
12	20	21	22	23	24	25	26
13	27	28	29	30  Påskefrukost avdelingsvis	31		
					Påskevandring når?		



April 2022

I april månad skal vi studere naturen og oss sjølv som ein del av den. Vi går turar for å studere det vi finn. Kan vi sjå teikn på at våren er her? Kva slags insekt og småkryp tittar fram? Vi tek med insektlupe og forstørrelsesglass?? Vi skal så i grønsakshagen vår der barna får ta del i prosessen med såing og vatning.

TEIKN

Lese bok

MOTO

Kaste/sparke aktivitet

REGLE

Her i treets lune ro,
liten fugl har bygget bo.
To små egg hun der har lagt,
over dem hun holder vakt.

Ut av eggset kryper så,
myke fugleunger små.
Høgt dei kvittrer: Pi-pi-pi,
kjære mamma, her er vi.

SONG

Hysj kan du høre gresset gro
Hysj kan du høre en meitemark som lo
Hysj kan du høre en maur gå forbi
Da skal du være helt stille og si
Hei alle insekter alle små dyr
Dere som kryper og kravler og kryr
Jeg er et menneske og jeg er snill
Vær i min hage så lenge du vil
Hysj vi må være stille nå
Ingen må skremme de mange tusen små
Og når det kommer en bille forbi
Da skal du vinke med hånden og si
Hei alle insekter alle små dyr
Dere som kryper og kravler og kryr
Jeg er et menneske og jeg er snill
Vær i min hage så lenge du vil

FAGOMRÅDE

Natur, miljø og teknologi
Kropp, rørsle, mat og helse

MILJØMÅL

Vi rydder i nærmiljøet vårt.
I fjøra, i skog og mark og der vi ferdes i naturen.



Denne månaden skal kvar avdeling velje seg ut ei bok, tilpassa interesse, alder og nivå. Kvar avdeling vel sjølv korleis ein vi fordjupe seg i boka, men alle skal ha ei lita avslutning på boka ein har arbeida med. Gjennom arbeid med fagområdet kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle si språkforståelse og eit mangfold av kommunikasjonsformer.



	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
13						1	2 Palmesøndag
14	3	4	5	6 Skjærtorsdag	7 Langfredag 	8	9 1. påskedag
15	10 2. påskedag	11	12	13	14	15	16
16	17	18	19	20	21	22	23
17	24	25	26	27	28	29	30

Mai 2022



I byrjinga av mai startar førebuingane til nasjonaldagen vår. Vi øvar på songar og Heia-rop, har formingsaktiviteter og lagar pynt gjerne til både inne og ute. Vi gir barna kjennskap til kvifor vi feirar 17. mai, vi snakkar om kongefamilien og slottet.

Det er også naturlig å sjå på dei ulike flagga/nasjonalitetane som evt er representert på avdelinga.

16.mai har vi prøve 17. mai saman med dei andre barnehagane i Langevåg; med tog, korps, 17.-maileikar, pølser og is. Vi håpar kongen og dronninga kjem på besøk også dette året.



FAGOMRÅDE
Nærmiljø og samfunn

TEIKN
Flagg og konge

REGLE
Langevåg barnehage det er oss,
flagget heiser vi til topps,
Hurra, hurra, hurra!



Vi passar på og steller med blomster og grønsaker som vi har sådd. Naturen har vakna godt til liv, og vi undrar oss saman med barna over kva som skjer i naturen. Våren er høgesong for barnekulturen, med song- og regelleikar.

Vi vil og rydde i og rundt barnehagen for at barna får gjere seg erfaringar med å ta vare på omgjevnadane og naturen rundt oss.



SONG
Alle fugler små de er
kommet nå tilbake!
Gjøk og sisik, trost og stær
synger alle dage.
Lerka jubler høyt i sky,
ringer våren inn på ny.
Frost og snø de måtte fly,
her er sol og glede!

MOTO
Hoppeaktivitet

MILJØMÅL
Rydde i og
rundt barnehagen

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
18	1 Offentlig høytidsdag	2	3	4	5	6	7
19	8	9	10	11	12	13	14
20	15 Prøve-17.-mai 	16 Grunnlovsdag 	17	18 Kristi himmelfartsdag	19 PLANLEGGINGSDAG	20	21
21	22	23	24	25	26	27	28 1. pinsedag
22	29 2. pinsedag	30	31				

Juni 2022



Endeleg står det sommar på kalenderen og vi vil nytte dagane til å vere mykje ute. Vi vil gå turar i nærområdet, skog, fjell og fjøre.

På tur vil ha fokus på sporlaus ferdsel, det vil seie at vi forlèter den like fin, som da vi kom.

Turane vil vere ein stad der vi undrar, utforskar og leikar oss med det vi finn.

Samstundes vil vi førebu oss på ei spennande reise. **SOMMARFESTEN** vår i år vil ha tema «Eventyr». Denne dagen besøker vi ulike eventyr.

Her vil møte ulike skapningar, kanskje vi må smake på det heksa har laga i gryta si, eller det trollmannens har trylla fram?? Kanskje vi møter ein forhekxa frosk? Det er truleg mykje rart og morosamt vi kan møte på, og denne dagen kan vi kle oss som eit dyr eller noko anna frå eit eventyr.

Juni er og ei tid for å avslutte eit kapittel og bla om til neste side.

Medan nokre 2-3 åringar gjer seg klar til å skifte frå småbarn- til storbarndsavdeling, kjenner truleg førskolebarna på sommarfuglar i magen.

Dei er ferdig med barnehagen og skal starte på skulen.

Vi har fokus på gjere dette til ei trygg

FAGOMRÅDE
Natur, miljø og teknologi



SONG
Sommer kommer,
sommer kommer,
sol og regn og latter og sang!
Sol og regn og latter, ha-ha-ha,
latter, sol og sang.

TEIKN
Sol og is

MOTO
Uteaktivitet



MILJØMÅL
Sporlaus ferdsel
på tur

REGLE
Akka bakka
bunka rakka
ella mella,
sjong dong
filli fong,
issa bissa topp.
Stopp!
Du-er-ute!

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
22				1  Besteforeldrefest avdelingsvis	2	3	4
23	5	6	7	8	9	10	11
24	12	13  Sommerfest	14	15	16	17	18
25	19	20	21	22	23	24	25
26	26	27	28	29	30		

God sommer til små og store!

FAGOMRÅDE

Kropp, rørsle,
mat og helse

TEIKN

Sommar og bade



Juli 2022



REGLE



Fem små apekattar hoppet i senga.
Ein ramla ned og slo seg i hodet.
Mamma måtte ringe til legen som var streng.
Han sa det var forbudt å hoppe i ei seng.



Fire... Tre... To... Ein liten...
Ein liten mamma...




SONG

Vi gikk inn i en butikk
spurte så hva her vi fikk.
Er det mulig å kjøpe seg votter her?
Nei desverre, nei desverre
nei desverre, nei desverre.
For dette er en liten klapp i hender butikk
klapp i hender butikk
klapp i hender butikk.
For dette er en liten klapp i hender butikk
klapp i hender er det eneste vi selger her.

MILJØMÅL

Å ta ansvar for det
vi har dyrka
i plantekassene



	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
26						1	2
27	3	4	5	6	7	8	9
28	10	11	12	13	14	15	16
29	17	18	19	20	21	22	23
30	24	25	26	27	28	29	30
31	31						

Tusen takk
for eit kjekt barnehageår!